

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 10.06.2020
SAKSHANDSAMAR: Marit Solheim/ Guro Mjanger
SAKA GJELD: **Statusrapport forskning i Helse Førde**

ARKIVSAK: 2020/5347

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
19.06.2020

STYRESAK:
042/2020

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek administrerende direktør sin statusrapport om forskning i Helse Førde til vitende.

OPPSUMMERING

Administrerende direktør legg med dette fram statusrapport om forskingsaktiviteten i Helse Førde. Ein utfyllande rapport lagt ved omfattar både rapportering på aktiviteten for 2019 og nokre punkt på kva vi har jobba med så langt i 2020.

Forskning er ei av kjerneoppgåvene til Helse Førde, og eit sentralt satsingsområde for føretaket. Aktiviteten har vore relativt låg samanlikna med andre helseføretak tidlegare, men vi er no i gang med ei gradvis opptrapping både av ressursbruk og aktivitet.

FAKTA

Forskingsaktiviteten i helseføretaka vert målt gjennom publikasjonspoeng, avlagde doktorgradar, deltaking i klinisk behandlingforsking, midlar brukt til forsking på eige budsjett og eksternfinansierte forskingsmidlar. Føretaka rapporterer til ulike nasjonale organ på dette.

I 2019 publiserte forskarar i Helse Førde 36 vitenskaplege artiklar, som er om lag det same talet som dei siste åra. I 2019 var 14 prosent av artiklane på nivå 2¹. Denne andelen varierer frå år til år, men ser ein fleire år samla, har delen av nivå 2-artiklar vore om lag på dette nivået.

To medarbeidarar i Helse Førde disputerte for doktorgrad i mai 2020. Barnelege Hege Kristiansen disputerte med avhandlinga si «The vulnerable child in an obesogenic environment»², og samfunnsvitar Runar Tengeland Hovland disputerte med avhandlinga si «Kliniske tilbakemeldingssystemer i psykisk helsevern –implementering og praktisering»³.

Rapportering på klinisk behandlingforsking er ny frå 2019. Data frå føretaka vert publiserte 1. juli.

Det har vore ein monaleg auke i midlar brukt til forsking frå 2017 til 2019. I 2018 og 2019 har det vorte sett av friske midlar årleg til forsking på Helse Førde sitt budsjett. Det har vore auke i ope utlyste forskingsmidlar, og føretaket har finansiert sitt første ope utlyste PhD-stipend. Vidare er det auka ressursar til forskingsrettleging og forskingsadministrativ støtte.

I den nye strategien for forsking og innovasjon i Helse Førde (jf. styresak mai 2020) er målet at 1,2 prosent av eige budsjett (driftsinntekter) skal nyttast til forsking innan 2025. Avsette midlar i budsjettet skal bidra til aktivitet for mellom anna å auke prosjekt som vert finansierte eksternt. Det vil seie at midlane til forsking kan bli ytterlegare styrka. Tal for

¹ Artiklar på nivå 2 er artiklar publisert i særleg prestisjefylte vitenskaplege tidskrift.

² <http://bora.uib.no/handle/1956/22028>

³ <http://bora.uib.no/handle/1956/22061>

2019 viser at vi det året brukte 0,5 prosent av driftsinntektene til forskning (slik dette vert synt i nasjonale målingar).

Helse Førde har to tematiske forskingsatsingar; Folkehelse, livsstil og overvekt (FLO) og Psykisk helse og rus (PHR). Forskingsgruppene er eit samarbeid med Høgskulen på Vestlandet (HVL). Begge satsingane er inne i sitt femte år som tematiske satsingar i Helse Førde, og styringsgruppa for satsingane har vedtatt at satsingane skal evaluerast. Ein ekstern vurderingskomite har fått oppdraget og skal levere ein evalueringsrapport til styringsgruppa for satsingane til hausten.

PHR har særleg fokus på kliniske feedbackssystem og kvalitetsregister på sjølvrapporterte data innan psykisk helse, implementeringsforskning, intervensjonsforskning innan psykisk helsevern, samt forskning på brukarmedverknad i tenesteutvikling. Forskingsatsinga er open for tilstøytande forskningstema når det er tilstrekkelege referansepunkt av fagleg art.

FLO har særleg fokus på forskning i spennet mellom behandling og førebygging av livsstilrelaterte lidingar hos menneske i alle aldrar, med vekt på tema som fedme, livsstil og pasientrapporterte data. Satsinga er open for tema med referansepunkt med det overståande fagleg og/eller metodisk, og har prosjekt som forskar på pasientrapporterte data frå ulike pasientgrupper. Begge forskingsgruppene betyr mykje for aktivitet og forskingsmiljø lokalt.

I begge gruppene er det fleire prosjekt som undersøker ulike sider ved digital samhandling med pasientar og persontilpassing av helsetenestene ut frå den enkelte sine helseproblem og ressursar, somatisk, psykisk og slik pasienten sjølv vurderer det.

Prosjektet *NORSE: Building bridges between psyche and soma through personalized and dynamic mental health systems*, finansiert av Norges forskningsråd, føreset nær samhandling mellom dei to gruppen. Dette har utløyst eit produktivt samarbeid som mellom anna har danna basis for nye prosjektsøknader. Ein ser at kunnskap som vert utvikla speglar seg av i prosjekt som er under utvikling retta inn mot andre pasientgrupper.

Forskingsgruppene har nyleg fått tilslag på ein felles søknad til HVL for å styrke universitetsambisjonen til høgskulen. Med denne søknaden knyter ein gruppene endå tettare saman, og eitt av måla skissert i søknaden er også å kunne søkje EU-midlar på eit seinare tidspunkt.

Kompetanse

Det er i dag 29 medarbeidarar med doktorgrad i Helse Førde. Dette er inkludert tilsette med stillingsprosentar ned til 10 prosent.

Åtte medarbeidarar er i formell doktorgradsutdanning (PhD). Det vil seie at dei er opptatt i doktorgradsutdanning ved eit universitet eller høgskule. Opptak føreset at kandidaten har eit garantert fullfinansiert prosjekt. I tillegg er det ein person i postdoktorløp, som er ei karrierestilling retta inn mot professorkompetanse. Ein ny startar i eit slikt løp sommaren 2020.

Det er også tilsett studiekoordinator for kliniske behandlingsstudiar. Dette er eit satsingsområde nasjonalt, og det er svært gledeleg og heilt naudsynt at Helse Førde har fått på plass ein slik koordinator. Studiekoordinatoren skal arbeide med støttesystema rundt kliniske behandlingsstudiar.

Søknader

Det vart hausten 2019 sendt inn åtte søknader til Helse Vest, og Helse Førde fekk tilslag på to av søknadene.

- Personalized deterioration alarms in mental health: Improving treatment effectiveness and patient safety. Postdoc-prosjekt, Andrew McAlevey, psykolog.
- Genetiske risikofaktorer for hofteladdsdysplasi i norske kohortstudier. Fleirårig prosjektstøtte, Kaya Kvarme Jacobsen, LIS-lege.

Helse Førde var partner i ein EU-søknad våren 2020, saman med institusjonar i Storbritannia, Sveits og Portugal. HVL var også partner. Tittel: ANimation-based interaction Monitoring - A paradigm-shifting personalized system for youth mental health». Søknaden fekk gode vurderingar, men nådde ikkje opp i konkurransen.

Forskningsgruppene PHR og FLO sende saman søknad til Høgskulen på Vestlandet, som del av høgskulen si satsing mot å bli universitet. Prosjekttittel er «Helseforskning som byggjer bru mellom psykiske og somatiske helsetenester», og omhandlar persontilpassa helsetenester for menneske med sjukleg overvekt. Denne søknaden vart innvilga, og ein får med det styrka miljøet med endå ein postdoc-kandidat.

HFD lyser årleg ut interne forskingsmidlar i føretaket. Dei siste åra har det vore auke i søknader frå medisinsk og kirurgisk klinikk.

Samhandlingsbarometeret og helseatlas

Samhandlingsbarometeret og helseatlas er organisert under seksjon for forskning og innovasjon i fag –og utviklingsavdelinga.

Helseatlas lanserte sitt andre atlas i forrige veke:

Helseatlas for psykisk helsevern og rusbehandling: Oversikt og analyse i bruk av psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar i Noreg frå 2014-2018.

Det er stor interesse for atlaset nasjonalt. Helseminister Bent Høie deltok elektronisk på lanseringa. Arbeidet med atlaset har vore krevjande, då data innan psykisk helsevern kan vere noko mangelfulle, samstundes som kodepraksisen har endra seg i løpet av perioden ein har data frå. Dette har skapt utfordringar i forhold til å kunne «telje riktig», og samanlikne helseregionane.

Gruppa har parallelt med arbeidet med oversiktsatlasen også begynt å sjå på neste atlas. Dette skal omhandle pasientar i psykisk helsevern som også får somatiske helsetenester.

Samhandlingsbarometeret er ein nettstad som skal gjere kunnskap tilgjengeleg for kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta i opptaksområda til barometeret. Det er ein statistikkbank som hentar data frå mellom anna KOSTRA, som m.a. har kommunedata, Folkehelseinstituttet, og Helsedirektoratet. Barometeret starta som eit samhandlingsbarometer for Sogn og Fjordane, men har utvida til no å omfatte alle føretak i Helse Vest og Helse Nord. I samband med dei nye helsefelleskapa som er under etablering, har gruppa begynt å sjå på kva type styringsinformasjon om dei fire pasientgruppene som er relevante i eit samhandlingsperspektiv. Dei fire pasientgruppene er barn og unge, personar med alvorlege psykiske lidningar og rusavhengigheit, skrøpelege eldre, og personar med fleire kroniske lidningar.

Kommentar

Helse Førde er i gang med å trappe opp forskingsaktiviteten, og forskingsmiljøet har vorte meir robust, mellom anna som følgje av dei tematiske satsingane. Men ein erkjenner samstundes at det er naudsynt å arbeide vidare med å styrke forskning, som er ei av kjerneoppgåvene til føretaket. Den nye forskings –og innovasjonsstrategien⁴ har som mål at Helse Førde skal bli ein varig forskings –og innovasjonsorganisasjon. For å få til dette er det viktig å halde fram opptrappinga, både for å skape vekst i aktiviteten men også for å kunne gjere forskinga til ein varig og integrert del av verksemda.

Konklusjon

Administrerande direktør legg med dette fram statusrapport for forskning. Forskingsaktiviteten i 2019 og første halvdel av 2020 viser at vi veks både i form av ressursbruk og forskingsresultat. Forsking er eitt sentralt satsingsområdet for føretaket, ut

⁴ Den nye FOI-strategien var oppe som sak i styremøte i mai, og vert difor ikkje omtala i denne saka.

frå at aktiviteten har vore relativt låg og dette er ei av kjerneoppgåvene til føretaket. Det vert difor lagt opp til ei gradvis opptrapping i åra framover.

Helseatlas har lansert sitt andre atlas i juni; Helseatlas for psykisk helsevern og rusbehandling: Oversikt og analyse i bruk av psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar i Noreg frå 2014-2018. Det er ei stor fjør i hatten til Helse Førde at føretaket får tildelt slike nasjonale oppgåver. Det aukar attraktiviteten vår som arbeidsplass, og kan også på sikt styrke Helse Førde som forskingsorganisasjon.

Vedlegg:

1. Statusrapport om forskning i Helse Førde
2. Publikasjonsliste 2019
3. Årsrapport PHR 2018-2019
4. Årsrapport FLO 2018-2019